

Masfjorden kommune
Austfjordvegen 2724
5981 MASFJORDNES

Dato 19.01.2023
Vår referanse 2022/97427-4
Dykkar referanse 22/1155 - 22/10469
Sakshandsamar Lillian Bakke Byrknes
E-post Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon 45638702

Uttale - Søknad - dispensasjon fra byggegrense - gnr. 6 bnr. 104 - Masfjorden kommune


Vi viser til førespurnad frå Masfjorden kommune om uttale til søknad, datert 20.12.2022.

Uttale

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrense til fylkesveg 570 for å planere eigedomen kloss opp til fylkesvegen.

Eigedomen er ikkje regulert, men ligg i område avsett til NÆ-07 som er LNF-område der spreidd næringsbygg er tillate i kommuneplanens arealdel. Føresegna stiller ikkje krav til eigedomen.

Fylkesvegen er regulert i «Torsvik, gnr 6 bnr 97 m/fl, Risnes Tomteområde, Dragseidevegen» med planID 126620120004, vedteke i 2018.



Utsnitt frå fylkesatlas med reguleringsplan for Torsvik.


Byggegrense

Byggegrense skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ein eventuell utbetring av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fylkesvegen her er klassifisert som haldningsklasse *viktig hovudveg (regional og overordna lokal funksjon)* jf. Rammeplan 2021-2024. Den seier at tiltak ikkje bør etablerast nærmare enn 50 meter frå vegmidte.

Det er søkt om å få planere på eigedomen 5 meter frå vegmidte. Byggegrensa på staden er fastsett i KPA til 30 meter. Vi meiner kommunen ikkje bør gje dispensasjon for planering så tett til fylkesvegen som det er søkt om. Dersom det vert planert så tett til vegen så vil dette kunne opne for ønske om å også bygge på eller ta i bruk denne delen av eigedomen.

Ved ei samla vurdering meiner vi det kan opnast for å planere 15 meter frå vegmidte.



Utsnitt frå situasjonsplanen frå søknad.

Avkøyrsla til fylkesveg 570

I forbindelse med tiltak på eigedomen så ser vi i reguleringsplan for Torsvik at den planen ikkje har heimla tilkomst til eigedom gnr 6 bnr 104, eller for den bruk som kjem fram av søknaden.

Føresegn 1.3.1 for den planen seier at «Avkjørsel til fylkesvegen må og vera godkjent av Statens vegvesen». Vi finn ikkje i vårt arkiv at avkøyrsla til fylkesvegen er blitt godkjent enda.

Difor ber vi om at kommunen tek stilling til om eigedom gnr 6 bnr 104 er sikra tilkomst og om den private vegen er dimensjonert for lastebil/køyretøy som er planlagt å brukast for omsøkt tiltak.

Slik avkøyrsla til fylkesveg ser ut på vegbilete så må siktssona ryddast. Vi meiner kommunen må sjå til at siktssona til fylkesvegen er opparbeidd slik som den regulert.

Sluttord

Vi meiner det ikkje bør gjevast dispensasjon for tiltaket nærare enn 15 meter frå vegmidte. Dersom kommunen gjev løye til planering på eigedomen, meiner vi at gjennomføring av tiltaket bør få ei tidsavgrensing for kor lenge det skal køyrast massar til eigedomen for tiltaket.

Vi ber om å få saka tilsendt når ho er ferdig handsama.

Med helsing

Mats Korneliussen

leiar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift